

Sakshandsamar:

Idar Sagen

E-post: idar.sagen@sfj.no

Tlf.: 57 88 47 54

Vår ref.

Sak nr.: 13/5710-3

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.


27865/13

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 28.08.2013

Vedlegg til sak:**Høyringsuttale til søknader om løyve til å bygge fire småkraftverk ved Veitastrondsvatnet i Luster kommune****Saksutgreiing for Kjerringnes kraftverk i Luster kommune****1. Omtale av tiltaket.**

Tiltaksområdet ligg vest for Veitastrondsvatnet. Det er ikkje vegar eller busetnad i området. Fem småkraftprosjekt rundt Veitastrondsvatnet har tidlegare fått konsesjon. Eitt har fått endeleg avslag (Snauedøla). Det er no søkt om tre andre prosjekt i tillegg til prosjektet i Kjerringneselvi. Elva har tidlegare vore vurdert som ein del av eit prosjekt i Samla plan. Prosjektet det no vert søkt om, er under grensa for vurdering.



Nedbørsfelt, inntak, tunneltrase, kraftstasjonsplassering, kabeltrase.



Utsikt mot Veitastrondsvatnet frå øvre delen av tiltaksområdet.

Hovuddata for Kjerringnes kraftverk

Tilsig	
Nedbørsfelt , km ²	12,6
Middelvassføring ved inntaket, m ³ /sek	1,0
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	100
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	310
Fem-persentil* vinter, liter/sek	60
Kraftverk	
Inntak, kote	681
Avløp, kote	174
Brutto fallhøgde, meter	507
Slukeevne, maks m ³ /sek	2,3
Slukeevne, min m ³ /sek	0,12
Installert effekt, maks MW	9,9
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter l/sek	310/60
Brukstid, timar	2600
Produksjon	
Årleg middel, GWh	25,8
Økonomi	
Utbyggingskostnad, mill. kr.	93
Utbyggingspris, kr/kWh	3,6

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

Inntaksdam er planlagt i betong, høgde 1 meter, lengde 16 meter. Vassvegen er planlagt som bora sjakt (600 m) og tunnel (760 m). Kraftstasjon med grunnflate ca. 100 m² skal byggast i dagen. Utløp direkte i vatnet, ca. 250 meter nord for elva sitt utløp. Det skal byggast kai ved kraftstasjonen. Det skal leggjast 1,4 km kabel i vatnet over til østsida, vidare 160 m jordkabel til ny 66 kV linje Hafslo-Veitastrond. Det skal ikkje byggast veg til inntaket. Steinmassar frå tunnelarbeidet er tenkt tippa i vatnet.

2. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

På årsbasis vil 69% av vassmengda i elva bli brukt til kraftproduksjon. 31% vil passere inntaket som vassføring over maks slukeevne, minstevassføring eller når kraftverket står ved for låg vassføring.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima. Grunnvatn, flaum og erosjon

Det er venta ubetydeleg konsekvens for vasstemperatur, isforhold og lokalklima og ubetydeleg konsekvens for grunnvatn, flaum og erosjon etter utbygging.

Raudlisteartar, sitat:

Det er ikke registrert rødlistearter i influensområdet og tiltaket har ingen virkning på dette temaet. Vurdering: Liten verdi, ingen virkning og ubetydelig konsekvens (0).

Terrestrisk miljø, sitat:

Fossesprøytoner dannes ved fosser der fallet og vannføringen er stor nok til å gi en stabil fossesprøyt. Den reduserte vannføringen vil trolig ha negativ virkning for fossesprøytonen. De tekniske inngrepene medfører ikke arealbeslag i den registrerte fossesprøytonen. Samlet sett vurderes virkningen å være liten negativ for verdifulle naturtyper.

Redusert vannføring medfører at de få fuktighetskrevende lav- og mosearter som finnes langs elva reduseres i mengde. De tekniske inngrepene tiltaket medfører vil ha svært liten negativ virkning på floraen i området. Ved tunnelpåslaget og planlagt kraftstasjon vil det bli noe hogst, men av svært små arealer. Samlet sett vurderes tiltaket å ha liten negativ virkning på karplanter, moser og lav.

Samlet sett for terrestrisk miljø vurderes virkningen å være liten negativ.

Vurdering: Liten til middels verdi og liten negativ virkning gir liten negativ konsekvens (-).

Akvatisk miljø, sitat:

Redusert vannføring i sommersesongen vil gi noe redusert biologisk produksjon og kan gi noe endret artssammensetning på berørt strekning. Tiltaket vurderes å ha liten negativ virkning på akvatisk miljø. Vurdering: Liten verdi og liten negativ virkning gir liten negativ konsekvens (-).

Landskap, sitat:

I vannkraftsaker er det naturligvis viktig å vurdere det landskapsinntrykket som elvene og innsjøene gir. På grunn av bratte dal- og fjordsider, er store fossefall relativt vanlig i denne landskapsregionen. Kjerringneselva renner i flere svinger ned mot vannet, stedvis over store sva og i midtre deler i et lite kløfteparti. Enkelte steder dannes fosser, men fossene i elva er ikke store nok til å markere seg i landskapet. I influensområdet er den berørte elvestrekningen et lite markert landskapselement. Ved store vassføringer vil trolig elva og spesielt fossen i øvre del være noe mer fremtredende...

Konsekvensvurdering

Tiltaket medfører små inngrep ved etablering av inntak, kraftstasjon og tunnelpåslag. Redusert vannføring vil ha liten negativ virkning for Kjerringneselva som landskapselement.

Vurdering: Middels til stor verdi og liten negativ virkning gir liten negativ konsekvens (-).



Kjerringneselvi sett fra Veitastrondsvatnet



Kjerringneselva nedstrøms inntak og dam, sett fra helikopter



Elva sitt utløp i vatnet.

Inngrepsfrie naturområde (INON)

Tiltaket medfører endring i INON-soner. Den prosentvise endringen er størst i det villmarkspregede området, som vil få en reduksjon på 18,2 %.

Vurdering: Stor verdi og middels negativ virkning gir middels negativ konsekvens (--).

Kulturminne, sitat.

Ingen kulturminner eller kulturmiljøer blir berørt av tiltaket.

Virkning: Liten verdi og ingen virkning gir ubetydelig konsekvens (0).

Brukarinteresser:

Vurdering: Ubetydeleg konsekvens for brukarinteresser.

Samfunnsmessige verknader

Sysselsettingseffekt i anleggsperioden av ein utbyggingskostnad på kr. 93 mill. Inntekter til kommunen (eigedomsskatt) og til grunneigarane. Utbyggingsprisen er berekna til 3,6 kr/kWh.

Sumverknader/samla belastning, sitat.

I søknaden om Kjerringnes kraftverk er det gjort ei vurdering av samla belastning eller sumverknader av mange småkraftverk rundt Veitastrondsvatnet. I fellesdokumentet for dei fire kraftverka det vert søkt om no, er med eit sitat frå denne vurderinga.

Avbøtande tiltak.

Det er planlagt å sleppe minstevassføring tilsvarende 5-persentil sommar (310 l/sek) og vinter (60 l/sek). Redusert vasskraftproduksjon på grunn av dette jamført med ingen minstevassføring, er 5,5 GWh.

3. Fylkesrådmannen si vurdering av søknaden

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 25,8 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering i tiltaket er kr. 93 mill. Utbyggingsprisen blir 3,6 kr/kWh, som er ein middels pris. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap i samband med bygging av inntak og dam i elva, kai og kraftstasjon med utløp i vatnet nord for elva sitt utløp, tømning av steinmassar i vatnet og redusert vassføring i Kjerringneselvi.

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god.

Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Landskap, friluftsliv og turisme.

Fylkeskommunen har utarbeid Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging (fylkestinget des. 2012). I delområdet Luster og Årdal er det markert 31 fossar/stryk som er viktige landskapselement. Kjerringneselva er ikkje mellom desse. I planen er det definert fjordlandskap langs fjordane og dei største innsjøane i fylket. Veitastrondsvatnet er markert som fjordlandskap. I planen er det ikkje retningslinjer for elvar utanom fosselista i fjordlandskap.

Der elva renn over svaberg er den godt synleg frå motsett side av vatnet. Fylkesrådmannen er likevel samd i vurderinga som er gjort i søknaden, av at redusert vassføring i elva vil bety små negative konsekvensar for landskap. Det må leggast vekt på støydemping for kraftstasjonen, slik at støy ikkje får bre seg utover vatnet.

Kulturminne

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne, er ikkje oppfylt. Det er såleis ikkje klart i kva grad kulturminne blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden. Registreringa må gjerast på snø- og telefri mark og tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i god tid før registreringa skal gjennomførast. Det må bereknast tilstrekkeleg tid til å følgje opp arbeid, eventuelt etterfølgjande utgraving for utbyggingstiltak i området kan i verksetjast.

Kjerringneselvi, er eit godt synleg landskapselement sett frå Veitastrondsvatnet. Elvar, fossar og stryk utgjer ein vesentleg del av det heilskaplege landskapsbiletet, både for tilreisande og fastbuande. Med redusert vassføring i elva, vil det planlagde tiltaket føre til eit stort inngrep i landskapsbiletet, og i sterk grad kunne påverke dei opplevingsverdiane som er knytt til kulturlandskapet slik vi ser det i dag. Om det vert gitt konsesjon, må det leggjast vekt på avbøtande tiltak med tanke på kulturminne frå nyare tid, etter år 1537. Dersom viktige og markerte kulturminne vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast slik at kulturminna kan takast vare på. Det må gjerast justeringar for å unngå å komme i konflikt med geiler, vegar, steingardar, bakkerein, eller andre synelege spor etter tidlegare aktivitet i området.

Kjerringelvi kraftverk er planlagt med tunnel frå inntak til kraftstasjon. Steinmassar er planlagt tippa i vatnet. Tilknytting til nettet er planlagt med sjøkabel til motsett side av vatnet. Begge desse tiltaka er lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum til vurdering. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Kjerringnes som kan bli direkte råka av tiltaka. Dei har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta i maritim samanheng i eldre tid. Det er likevel mogleg at det kan ligge kulturminne i området, og museet gjer derfor merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet ved funn av båtvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på elv eller sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet stansast til museet har undersøkt og ev. frigjeve området. Jf. også føresegnar i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Sumverknader.

Frå før er det gitt løyve til å bygge fem småkraftverk rundt Veitastrondsvatnet og det vert no søkt om fire til. Landskapsrommet rundt vatnet er stort, og fylkesrådmannen vurderer at med opp til ni småkraftverk rundt vatnet så vil dette ikkje øydelegge hovudintrykket med tanke på landskap og brukarinteresser. Fylkesrådmannen har i denne vurderinga lagt til grunn at Ugulsvik kraftverk vert bygt med minstevassføring 110 liter/sek, vassveg i fjell og ikkje nedgravd rørgate/rørgate i dagen.

Samla vurdering for Kjerringnes kraftverk

Fylkesrådmannen vil rå til at konsesjon vert gitt. Det må leggjast vekt på støydemping, slik at støy ikkje får bre seg utover vatnet.

4. Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen vurderer at fordelane ved tiltaket er større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt. Det må leggjast vekt på støydemping for kraftstasjonen, slik at støy ikkje får bre seg utover vatnet.